



## MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

**Møtedato:** 05.04.2022  
**Møtestad:** Bergsdalstunet  
**Møtetid:** 09:30 - 16:00

Kommunestyret byrja møtet på Bergsdalstunet med saksbehandling av sak 37/2022 og 38/2022.

Frå kl. 11.00 byrja temamøtet med gjennomgang av habilitetsreglar ved varaordførar Kjartan Haugsnes. Deretter var det omvising på Dale skule, samt omvising på byggeplassane for nye omsorgsbustader på Jamne og Vaksdal skule og synfaring på Perabakkane og ved Kvitaskarstunnellen.

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordførar
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem
Lisa Natalie Johnsen Lunde	AP	Medlem
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Medlem
Ole-Anders Brekkhus	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Trond Olav Magnussen	H	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Ivar Rødland Bergo	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Renathe Vik	SP	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Evy Beate Kvamme	SV	Medlem
Mona Grenasberg	SV	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Karin B. Groth	FRP	Varamedlem
Kim André Hop Gregersen	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Amalie Johnsen Lunde	H	



Edvin Hesjedal	H	Kim Andrè Hop Gregersen
Trygve Jakobsen	FRP	Karin B. Groth

---

**Andre møtande:**

Kommunedirektør Atle Fasteland,  
Kommunalsjef for oppvekst og kultur Ann Kristin Bolstad,  
Einingsleiar oppvekst Jill Bru Johansen  
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

---

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
37/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
38/2022	FORSLAG TIL AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID GJELDANDE BARNEVERNSTENESTA



**37/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Kommunestyret 05.04.2022**

**Behandling:**

Samrøystes godkjent.

**KOM - sak 37/2022 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

---

**38/2022: FORSLAG TIL AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID GJELDANDE BARNEVERNSTENESTA**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune vedtek samarbeidsavtalen for etablering av administrativt vertskommunesamarbeid om barnevern slik den ligg føre.

Kommunedirektøren i Vaksdal får fullmakt til å overføre kommunedirektøren si fullmakt for barnevernet til kommunedirektøren i vertskommunen, Osterøy kommune, før oppstart av samarbeidet.

Kommunedirektøren samarbeider med kommunedirektøren i Osterøy om ein plan for oppstart og implementering. I den grad implementering ikkje kan løysast innanfor vedtekne rammer, eller ekstern finansiering, vert dette reist i eigen sak for kommunestyret.

Kommunestyret i Vaksdal gir administrasjonen fullmakt til å finna ei utforming på namnet for det interkommunale barnevernet, som ivaretar behovet for å identifisera barnevernet på vegne av både Vaksdal og Osterøy sine på vegne.

**Forslag frå SV,Sp og H, ført inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV:**

Vaksdal kommune vedtek samarbeidsavtalen for etablering av administrativt vertskommunesamarbeid om barnevern slik den ligg føre.

Kommunedirektøren i Vaksdal får fullmakt til å overføre kommunedirektøren si fullmakt for barnevernet til kommunedirektøren i vertskommunen, Osterøy kommune, før oppstart av samarbeidet.

Kommunedirektøren samarbeider med kommunedirektøren i Osterøy om ein plan for oppstart og



implementering. I den grad implementering ikkje kan løysast innanfor vedtekne rammer, eller ekstern finansiering, vert dette reist i eigen sak for kommunestyret.

Kommunestyret i Vaksdal gir administrasjonen fullmakt til å finna ei utforming på namnet for det interkommunale barnevernet, som ivaretar behovet for å identifisera barnevernet på vegne av Vaksdal og Osterøy kommunar.

(Likelydande som framlegg frå kommunedirektør med ei språkleg endring i siste avsnitt)

Tillegg frå partia: Sp, SV og Høgre.

Kommunestyret i Vaksdal kommune ber kommunedirektøren syte for følgjande:

1. Det vert avsett inntil 20 % operativ støtte frå Vaksdal kommune i det interkommunale barnevernsamarbeidet i første virkningsår.
2. at ein får vurdert samarbeidet og førebur sak til kommunestyret 13. desember 2022, med tilråding om å fortsette eller seie opp samarbeidsavtalen. I ein eventuell oppseiingsperiode skal ein utgreie alternativer til vedteken modell, inkludert moglegheit for at Vaksdal kommune får det administrative ansvaret for barnevernstenesta.
3. At kommunestyret to gonger i året vert orientert om arbeidet i Osterøy og Vaksdal interkommunale barnevern.
4. At kommunestyret vert orientert om handlingsplan og arbeid med å lukke avvika i Rapport frå tilsyn med barnevernstenesta sitt arbeid med undersøkingar i Osterøy kommune 2022.
5. At det blir rapportert til kommunestyret om internkontroll etter Lov om barnevernstjenester (barnevernloven) § 2-1 og Kommuneleva § 25-1 særskilt.

Oversendingsforslag:

Kommunestyret ber kommunedirektøren undersøke om det er mogleg med kortare (6 mnd.) eller meir fleksibel oppseiingstid for vertskommunesamarbeidet dei første to åra i samarbeidet.

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.03.2022**

#### **Behandling:**

Kommunedirektøren orienterte.

Fellesframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

*Formannskapet ber om at det vert gjeve ei orientering kring barnevernstenesta frå Osterøy kommune i kommunestyret i Vaksdal kommune 29.03.2022 og at det vert lagt opp til å gjere vedtak i saka i kommunestyret sitt temamøte 05.04.2022*

Kommunedirektøren sitt framlegg tiil vedtak vart sett opp mot fellesframlegget frå Kjartan Haugsnes - Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FPØ - sak 31/2022 Vedtak/Tilråding:**

Formannskapet ber om at det vert gjeve ei orientering kring barnevernstenesta frå Osterøy kommune i kommunestyret i Vaksdal kommune 29.03.2022 og at det vert lagt opp til å gjere vedtak i



saka i kommunestyret sitt temamøte 05.04.2022.

## **Kommunestyret 05.04.2022**

### **Behandling:**

Ole-Anders Brekklus stilte spørsmål ved sin habilitet i saka med bakgrunn i førebuing i saka som tidlegare tilsett i avdelinga. Kommunestyret vedtok samrøystes at Ole-Anders Brekklus er ugild i medhald av kommunelova §11-10 andre ledd.

Kommunalsjef for oppvekst og kultur Ann Kristin Bolstad og einingsleiar Jill Bru Johansen orienterte om saka.

### **På vegner av Sp, SV og H la Kjartan Haugsnes, SV fram følgjande forslag til vedtak:**

Vaksdal kommune vedtek samarbeidsavtalen for etablering av administrativt vertskommunesamarbeid om barnevern slik den ligg føre.

Kommunedirektøren i Vaksdal får fullmakt til å overføre kommunedirektøren si fullmakt for barnevernet til kommunedirektøren i vertskommunen, Osterøy kommune, før oppstart av samarbeidet.

Kommunedirektøren samarbeider med kommunedirektøren i Osterøy om ein plan for oppstart og implementering. I den grad implementering ikkje kan løysast innanfor vedtekne rammer, eller ekstern finansiering, vert dette reist i eigen sak for kommunestyret.

Kommunestyret i Vaksdal gir administrasjonen fullmakt til å finna ei utforming på namnet for det interkommunale barnevernet, som ivaretar behovet for å identifisera barnevernet på vegne av Vaksdal og Osterøy kommunar.

(Likelydande som framlegg frå kommunedirektør med ei språkleg endring i siste avsnitt)

Tillegg frå partia: Sp, SV og Høgre.

Kommunestyret i Vaksdal kommune ber kommunedirektøren syte for følgjande:

1. Det vert avsett inntil 20 % operativ støtte frå Vaksdal kommune i det interkommunale barnevernsamarbeidet i første virkningsår.
2. at ein får vurdert samarbeidet og førebur sak til kommunestyret 13. desember 2022, med tilråding om å fortsette eller seie opp samarbeidsavtalen. I ein eventuell oppseiingsperiode skal ein utgreie alternativer til vedteken modell, inkludert moglegheit for at Vaksdal kommune får det administrative ansvaret for barnevernstenesta.
3. At kommunestyret to gonger i året vert orientert om arbeidet i Osterøy og Vaksdal interkommunale barnevern.
4. At kommunestyret vert orientert om handlingsplan og arbeid med å lukke avvika i Rapport frå tilsyn med barnevernstenesta sitt arbeid med undersøkingar i Osterøy kommune 2022.
5. At det blir rapportert til kommunestyret om internkontroll etter Lov om barnevernstjenester (barnevernloven) § 2-1 og Kommunelova § 25-1 særskilt.



## **Oversendingsforslag:**

Kommunestyret ber kommunedirektøren undersøke om det er mogleg med kortare (6 mnd.) eller meir fleksibel oppseiingstid for vertskommunesamarbeidet dei første to åra i samarbeidet.

Kommunestyret drøfta saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Sp,SV og H sitt forslag. Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

## **KOM - sak 38/2022 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommune vedtek samarbeidsavtalen for etablering av administrativt vertskommunesamarbeid om barnevern slik den ligg føre.

Kommunedirektøren i Vaksdal får fullmakt til å overføre kommunedirektøren si fullmakt for barnevernet til kommunedirektøren i vertskommunen, Osterøy kommune, før oppstart av samarbeidet.

Kommunedirektøren samarbeider med kommunedirektøren i Osterøy om ein plan for oppstart og implementering. I den grad implementering ikkje kan løysast innanfor vedtekne rammer, eller ekstern finansiering, vert dette reist i eigen sak for kommunestyret.

Kommunestyret i Vaksdal gir administrasjonen fullmakt til å finna ei utforming på namnet for det interkommunale barnevernet, som ivaretar behovet for å identifisera barnevernet på vegne av Vaksdal og Osterøy kommunar.

Kommunestyret i Vaksdal kommune ber kommunedirektøren syte for følgjande:

1. Det vert avsett inntil 20 % operativ støtte frå Vaksdal kommune i det interkommunale barnevernsamarbeidet i første virkningsår.
2. at ein får vurdert samarbeidet og førebur sak til kommunestyret 13. desember 2022, med tilråding om å fortsette eller seie opp samarbeidsavtalen. I ein eventuell oppseiingsperiode skal ein utgreie alternativer til vedteken modell, inkludert moglegheit for at Vaksdal kommune får det administrative ansvaret for barnevernstenesta.
3. At kommunestyret to gonger i året vert orientert om arbeidet i Osterøy og Vaksdal interkommunale barnevern.
4. At kommunestyret vert orientert om handlingsplan og arbeid med å lukke avvika i Rapport frå tilsyn med barnevernstenesta sitt arbeid med undersøkingar i Osterøy kommune 2022.
5. At det blir rapportert til kommunestyret om internkontroll etter Lov om barnevernstjenester (barnevernloven) § 2-1 og Kommuneleva § 25-1 særskilt.

## **Oversendingsforslag:**

Kommunestyret ber kommunedirektøren undersøke om det er mogleg med kortare (6 mnd.) eller meir fleksibel oppseiingstid for vertskommunesamarbeidet dei første to åra i samarbeidet.



**Vaksdal kommune**

